



Ole Bjørn Monsen  
Galtenesvegen 110  
5918 Frekhaug

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/5695 - 23/63402

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
ingrid.bjorge.pedersen@alver.kommune  
.no

Dato:  
15.08.2023

## Førebels svar på søknad om etablering av flytebryggje - gbnr 319/66 og 319/68 Sagstad nedre


Tiltak:  
Byggjestad: Gbnr: 319/66 og 319  
Tiltakshavar: Ole Bjørn Monsen  
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 14.07.2023.

### Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon i frå planføre mål i sjø Bruk og vern av sjø. Dette er det generelle planføre målet, der det som utgangspunkt ikkje opnar opp for tiltak i sjø. Søknad om dispensasjon er ei skriftleg søknad der det skal gå fram kva ein søker dispensasjon i frå og søknad må vere grunngjeve og nabovarsla
2. På innsendte situasjonskart er det syna til eit målsatt areal i front av naust:



Det går ikkje fram av søknad kva dette er og om dette inngår i søknad. Vi ber difor om ei attendemelding på om dette også er ei del av søknaden. Det kan bli aktuelt å sende inn målsatte teikningar av dette, og vi gjer merksam på at dersom tiltaket ligg delvis i sjø må søknad om dispensasjon også gjelde for denne delen.

Kommunen ber om at tilleggsmelding vert sendt inn samla innan **05.09.2023**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

## **GENERELL INFORMASJON**

### **Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad**

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Ole Bjørn Monsen  
Per Leonhard Søfteland

Galtenesvegen 110  
Dalstøvegen 54

5918    Frøkhaug  
5918    Frøkhaug